



Arkivnr: 2014/598-6

Saksbehandlar: Ingebjørg E. Astrup

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2014

#### Restaurering av verneverdige bygg - budsjettfordeling

#### Samandrag

Det er i budsjett for 2014 løyvd 3 millionar kroner til restaurering verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige. I premissane for løvyinga er vidareføring av arbeid som er sett i gang på bygg og anleg understreka. I inneverande år vil ein tilrå å fordela midlane på prosjekta Hovudhuset på Stend med restaurering av bjelketaket i Riddersalen med 900 000, Hagen på Stend med 600 000, Valen Kraftstasjon I med 790 000, releggning av skifertak på Stend gamle posthus med 500 000 og tilskot til releggning av skifertak på Hordnesvegen 14 med 110 000 og endeleg Stend historiske drivhus med 100 000.

#### Forslag til vedtak

Stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ Meirinnt.
10 658.050.00	07519	02320	Hovudhuset på Stend, Riddersalen	900 000	
10 658.050.00	07520	02320	Hagen på Stend	600 000	
10 400.650.00	07515	02320	Valen - kraftstasjon	790 000	
10 658.020.00	07524	02320	Tak – på Stend gamle posthus	500 000	
10 658.020.00	07525	02320	Tak – tilskot til Hordnesvegen 14	110 000	
10 658.020.00	07526	02320	Stend – historisk drivhus	100 000	
10 400.650.00	07505	02303	Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand  
fung. Fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 02.07.2014**

Det er i budsjett for 2014 løyvd 3 millionar kroner til restaurering verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige. I premissane for løyvinga er vidareføring av arbeid som er sett i gang på bygg og anlegg understreka.

### Stend vgs - Riddersalen prosjekt 07519

I planane for rehabilitering av hovudhuset på Stend, er Riddersalen prioritert prosjekt. Det er utført ein tilstandsregistrering av interiøret i Riddersalen og eit forprosjekt for behandling av interiøret med 1700tals lerretstapet, supraportar og dekor i himling og fotpanel. Lerretstapeta og supraportane er reinsa og behandla, og det er Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU som har utført arbeidet. Vindauge og dørar i salen vert malte. 2014-budsjettet dekker restaurering av det barokkmalte bjelketaket. Konserveringspersonalet nyttar undersøking, behandling og dokumentasjon etter ein standard som Riksantikvaren krev i freda- og verneverdige bygg.

900 000 er sett av til behandling av bjelketaket i Riddersalen og maling av vindauge og dører.

### Stend vgs – hagen - prosjekt 07520

I FUV sak 228/10 gjekk ein på grunnlag av utarbeida forprosjekt av Sveinung Skjold, inn for å prioritera tiltaka reetablering av renessansehagen og reetablering av alléen frå sjøen. Vidare sa vedtaket at ein skulle starta arbeidet med å registrera fysiske spor i det aktuelle området. På det grunnlag etablerte ein eit forprosjekt med fleire komponentar, der ein på ulike måtar har søkt å supplera kunnskapen om tidlegare hageanlegg på Stend. Det har vore geofysiske undersøkingar med køyring av definerte område med georadar, på grunnlag av det materiale vart det utført hagearkeologisk undersøking og arkivundersøkingar. Alle undersøkingane i forprosjektet er no samanfatta, og det er utarbeida ein plan for rekonstruksjon av hagen. I 2014 tek arbeidet med rekonstruksjon av del 1 med parterra framfor hovudhuset til. Det inneber drenering av heile området og fundamentering for gangstiane mellom parterra. Det vert utforming av de åtte parterra i denne delen av hagen.

600 000 er sett av til vidare arbeid med prosjektet hagen på Stend.

### Valen – prosjekt 07515

I Valen har ein tre generasjonar av kraftstasjonar på rad, og slik sett er det eit godt grunnlag for formidling av energihistoria. Valestiftinga har arbeida med å ivareta dei gamle anlegga. Kraftstasjon I har hatt lekkasje over tid, og i samband med at ein skulle skifta taket på bygget, avdekka ein at ein også må skifte skadde bygningsdelar i den berande konstruksjonen. Bjørn Arve Lunde ved Sunnhordland museum, er fagleg rådgjevar for stiftinga, og etter avtale med Hordaland fylkeskommune har han utarbeida ein restaureringsplan for bygget.

Restaureringsarbeidet held fram.

790 000 er sett av til Valen – Kraftstasjon I.

### Stend – Skifertak på Stend gamle posthus – prosjekt 07524

Namnet skriv seg frå den tida då det var posthus for Fana/Stend i sokkeletasjen på huset. Lenger tilbake har huset vore knytt til den gamle landbrukskolen, og vart nemnd som verkstad. Også i dag er huset visuelt som ein del av tunet, sjølv om Fanavegen skjer igjennom. Huset er ein rektangulær bygning med store takutstikk og synlege dragarar med profilar, noko som er element frå sveitsarstilen. Taket er tekka med lappskifer, og det er denne skiferen ein vil releggja for å sikra tett tak. Med aukande elevtal på Stend vgs, og fleire elevar som treng særlege tiltak, har skulen no ønske om å nytta bygget til aktivitetar og tilbod til elevane.

500 000 er sett av til releggning av skifertaket på gamle posthus.

### Stend – skifertak på Hordnesvegen 14 – prosjekt 07525

Bygget er ein av husa på området med særskild arkitektur. Det er trong for vedlikehald og oppgradering av bygget, og ein vil ta til med taket. Frå denne kontoen gjer ein tilskot til meirkostnaden i samband med å få rehabilitert skifertaket når Stend vgs skal skifta tak.

110 000 er sett av til releggning av skifertak.

Stend – historisk drivhus – prosjekt 07526

I 1908 vart det oppført eit kaldhus for dyrking av tomatar og agurk på Stend (Bergem 1916). Eit spesialdrivhus som er over 100 år, er svært sjeldan i norsk samanheng, og slik har det verdi som garnarhistorisk minnesmerke. I plan for framtidige tiltak som vi har fått utarbeida på grunnlag av undersøkingar av den historiske hagen, er dette drivhuset tatt med som eit tiltak. Tilstanden for drivhuset er dårlig, men det er framleis intakte originaldelar, så ei vurdering og oppstart av restaureringsarbeidet tek til i 2014.

100 000 er avsett til arbeid med historisk drivhus.